

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSAVGJERD (EU) 2017/1396

2020/EØS/40/05

av 26. juli 2017

om endring av vedlegget til vedtak 2007/453/EF med omsyn til BSE-status for Polen og visse regionar i Det sameinte kongeriket

[meld under nummeret K(2017) 5140](*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 999/2001 av 22. mai 2001 om fastsettelse av regler for å forebygge, bekjempe og utrydde visse typer overførbare spongiform encefalopati⁽¹⁾, særleg artikkel 5 nr. 2 tredje leddet, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I forordning (EF) nr. 999/2001 er det fastsett at medlemsstatar, tredjestatar eller regionar i desse statane (statar eller regionar) skal klassifiserast i éin av tre kategoriar med omsyn til statusen for bovin spongiform encefalopati (BSE): svært liten BSE-risiko, kontrollert BSE-risiko og ikkje-fastsett BSE-risiko.
- 2) I artikkel 5 nr. 2 tredje leddet i forordning (EF) nr. 999/2001 er det fastsett at dersom Verdsdyrehelseorganisasjonen (OIE) har oppført ein søkjarstat i ein av dei tre kategoriane for BSE-status, kan det takast avgjerd om ei ny vurdering av kategoriseringa til Unionen.
- 3) Vedlegget til kommisjonsvedtak 2007/453/EF⁽²⁾ inneheld ei liste der statar eller regionar er oppførte i høve til BSE-risikoen sin. Polen og Det sameinte kongeriket er for tida oppførte under bokstav B i den lista, under statar eller regionar med ein kontrollert BSE-risiko.
- 4) Verdsdyrehelseorganisasjonen (OIE) spelar ei leiande rolle når det gjeld inndelinga av medlemsstatar og soner i kategoriar på grunnlag av BSE-risikoen deira, i samsvar med føresegnene i OIEs helseregulering for landdyr⁽³⁾.
- 5) Den 23. mai 2017 vedtok OIEs verdsforsamling av delegatar resolusjon nr. 26 om sannkjenning av risikostatus for bovin spongiform encefalopati hjå medlemsstatar⁽⁴⁾, med sikte på ikraftsetjing 26. mai 2017. Den resolusjonen sannkjende at Polen og to soner i Det sameinte kongeriket, dvs. Nord-Irland og Skottland, har svært liten BSE-risiko.
- 6) Lista over statar eller regionar i vedlegget til vedtak 2007/453/EF bør difor endrast slik at Polen, Nord-Irland og Skottland vert oppførte under bokstav A under statar eller regionar med svært liten BSE-risiko.
- 7) Vedlegget til vedtak 2007/453/EF bør difor endrast.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for planter, dyr, næringsmiddel og fôr —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Vedlegget til vedtak 2007/453/EF vert bytt ut med teksta i vedlegget til denne avgjerda.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 197 av 28.7.2017, s. 9, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 5/2018 av 9. februar 2018 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantasanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 98 av 12.12.2019, s. 9.

⁽¹⁾ TEF L 147 av 31.5.2001, s. 1.

⁽²⁾ Kommisjonsvedtak 2007/453/EF av 29. juni 2007 om fastsetjing av BSE-status for medlemsstatar eller tredjestatar eller regionar i desse statane på grunnlag av BSE-risikoen deira (TEU L 172 av 30.6.2007, s. 84).

⁽³⁾ <http://www.oie.int/international-standard-setting/terrestrial-code/access-online/>

⁽⁴⁾ http://www.oie.int/fileadmin/Home/eng/Animal_Health_in_the_World/docs/pdf/2017_A_RESO_R21_BSE.pdf

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel 26. juli 2017.

For Kommisjonen
Vytenis ANDRIUKAITIS
Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG

Vedlegget til vedtak 2007/453/EF skal lyde:

«VEDLEGG

LISTE OVER STATAR ELLER REGIONAR**A. Statar eller regionar med ein svært liten BSE-risiko***Medlemsstatar*

- Belgia
- Bulgaria
- Tsjekkia
- Danmark
- Tyskland
- Estland
- Kroatia
- Italia
- Kypros
- Latvia
- Litauen
- Luxembourg
- Ungarn
- Malta
- Nederland
- Austerrike
- Polen
- Portugal
- Romania
- Slovenia
- Slovakia
- Spania
- Finland
- Sverige

Regionar i medlemsstatane

- Nord-Irland
- Skottland

Statane i Det europeiske frihandelssambandet (EFTA)

- Island
- Liechtenstein
- Noreg
- Sveits

Tredjestatar

- Argentina
- Australia
- Brasil
- Chile
- Colombia
- Costa Rica
- India
- Israel
- Japan
- Namibia
- New Zealand
- Panama
- Paraguay
- Peru
- Singapore
- Sambandsstatane
- Uruguay

B. Statar eller regionar med ein kontrollert BSE-risiko*Medlemsstatar*

- Irland
- Hellas
- Frankrike
- Det sameinte kongeriket bortsett frå regionane Nord-Irland og Skottland

Tredjestatar

- Canada
- Mexico
- Nicaragua
- Sør-Korea
- Taiwan

C. Statar eller regionar som det ikkje er fastsett BSE-risiko for

- Statar eller regionar som ikkje er oppførte under bokstav A eller B.»
-